

Gunnar Molland
Damsgårdsveien 33
5058 Bergen

Bergen 19.12.2018

Lindås kommune

Isdalstø

post@lindaskommune.no

Utfyllende informasjon i samband med søknad om dispensasjon

Viser til kommunen sitt brev datert 28.11.2018 med forespurnad om meir utfyllende informasjon kring planane for eigedomen 141/67 i Lindås kommune (saksnr 18/2828 - 18/35776).

1. Det omsøkte bygget

Vi planlegg å føre opp ei bygning med to bueingar for utleige, med ein mellomliggande vinterhage. Kvar buening vil gå over to etasjer og ha ein takterrasse for å gjera uteopphald mogeleg, ettersom utearealet på eigedomen ellers er svært avgrensa. Bygget vil følgje grenseverdiene i reguleringsføresegnene, og ha 6 m gesimshøgde over planert terreng (3.3.5 i reguleringsføresegnene) og ha 173 m² samla grunnflate i grunnplanet (to bueingar med 9,6 x 6,6 m utvendig mål og ein vinterhage/midtseksjon med måla 9,6 x 4,8 m. Heile bygget vil såleis ha 9,6 x 18,0 m utvendig mål og følgjer med dette avgrensingane for FHF1 i plankartet (BYA = 100% jamfør 3.3.2 i reguleringsføresegnene).

2. Den omsøkte flytebrygga

Tanken er å legge ut ei flytebrygge som kan gje tilkomst til eigedomen frå sjøside, ettersom tilkomsten frå vegside er noko bratt og krevjande. Eit anna viktig føremål med bryggeanlegget er å kunne tilby utleige av båtar og omvisning i nærområdet frå sjø. Bryggeanlegget bør såleis omfatte 3-4 permanente båtfeste og høve til å legge til for ein større båt (fraktesbåt/skyssebåt). Heile bryggeanlegget vil ligge innafor SBH2.


Vi har i illustrasjonane under freista framstille korleis dette vil kunne sjå ut med følgjande element:

- Fast bryggeseksjon med lengde kring 10 m, og med landgang til
- Flytebryggeseksjonen som er om lag 12 m lang og om lag 2,5 m breid, og har
- 3-4 utriggarar med 6-7 m lengde.
- Anlegget vil strekke seg om lag 15 m frå land, og ha ei total breidde kring 9 m.

Figur 1 syner storleik og plassering for den planlagte flytebrygga



Figur 2 syner avstand frå land til grensa for SMBH2 (sjå det grå feltet til høgre).



Figur 3 syner avstand frå bygg til sjø



Figur 4 syner avstand frå bygg til veg.



Voner dette gjev svar på dei spørsmåla de hadde. Ta ellers gjerne kontakt igjen.

Med venleg helsing

Gunnar Molland